

Ein Vestlandsregion for framtida

Hordaland må møta
framtida som ein del av
ein konkurransedyktig
folkevald vestlands-
region. For Venstre er
det å skapa ein region
som er leiande på miljø,
nyskaping, kultur og
idrett og som gir alle ein
fyrsteklasses skolegang,
det viktigaste i denne
perioden.

Hordaland Venstre vil:

- ✓ Erstattar fylkeskommunen med ein folkevald region og flytte fleire oppgåver ned frå staten
- ✓ Arbeida for eit felles billett-system på all kollektivtrafikk
- ✓ Redusere talet på takstsoner slik at busstilbodet blir enklare å nytte
- ✓ Byggja fleire gang- og sykkelvegar i Hordaland
- ✓ Prioritera tilkomst til regionsentra og vegprosjekt som er svært viktige for næringslivet.
- ✓ Ruste opp Bergensbanen slik at den blir konkurransedyktig med fly.
- ✓ Satsa på grøn vekst og næringssutvikling



"Me vil bygga ut fleire gang- og sykkelstiar, og laga ein plan for veglys langs fylkeskommunale skulevegar".

Fylkeskandidatar:

1. Anne-Beth Njærheim, Bømlo
2. Geir Kjell Andersland, Bergen
3. Geir Angeltveit, Stord
4. Elizabeth Toft Erichsen, Sund
5. Torstein Gunnarsson, Voss
6. Ingrid Handeland, Kvinnherad

Osterøy Venstre sine kandidatar



1. Kjersti I. Vevatne

"Kjernen i eit godt lokal-demokrati er medverknad, dialog og ei open forvaltning"



2. Jarle Vik

"Ingen born er like, men alle skal ha eit likeverdig tilbod. Me treng løysingar tilpassa den enkelte"



3. Vidar Pedersen

"At folk tek ulike val er ein verdi i seg sjølv, og fremjar toleranse. Samstundes har vi ansvar for fellesskapen og for ikkje å ta val som innskrenker andre"



4. Bjørn Tore Sund

"Dei som ferdast treng ein enklare og meir miljøvenleg kvardag! Då treng me god kollektiv transport, betre vegar og tryggare skuleveg for dei minste"



5. Martin Krossnes

"Me vil ha ei grøn og bærekraftig næringsutvikling der det er teke omsyn til miljø og dyrevelferd. Dyr har verdi i seg sjølv, og skal behandlast med respekt"

Les meir om vår politikk og våre kandidatar på nettsidene!

venstre.no/osteroy

1. Kjersti Ingolsdotter Ve- vatne, f. 1970, Hauge

2. Jarle Vik, f. 1975, Valestrand
3. Vidar Pedersen, f. 1965,
Valestrand

4. Bjørn Tore Sund, f. 1969,
Fotlandsvåg

5. Martin Krossnes, f. 1991,
Haus

6. Åshild Rød, f 1973, Hauge

7. Knut Mathisen, f 1968,
Lonevåg

8. Ann Christin Reigstad, f
1966, Valestrand

9. Merete Gran Reigstad, f
1975, Valestrand

10. Christian Lampe, f 1958,
Lonevåg

11. Gyda Tveiten Lewis, f 1952,
Hosanger

12. Vigleik Kalland, f 1967,
Valestrand

13. Torill Magnussen, f 1981,
Valestrand

14. Rolf Kalland, f 1939, Hauge

15. Magnhild Helene Tysse, f
1957, Tyssebotn

Osterøy Venstre



**Vidsyn, varme
og vekst!**



VENSTRE

Foto:

VENSTRE
Folk først.



Folk først på Osterøy!

Venstre er det sosialliberale partiet i Osterøy kommune. Me ønskjer å kombinera personleg fridom med ansvar for fellesskapet. System skal tene folk, og ikkje motsett - derfor set Venstre folk først.

Barnehage og skule.

Borna er det viktigaste me har - og skal prioriterast. Me vil styrke barnehagetilbodet og jobba for ein god skule for alle. Det er viktig med tiltru til læraren som fagperson, og legga til rette for meir etterutdanning. Opplæring skal vere tilpassa kvart barn, og me meiner at friskular kan vere eit positivt supplement til den offentlege skulen.

Venstre vil:

- ✓ styrke helsesøsterordninga
- ✓ jobbe for full barnehage-deknинг, og at ein kan støtte private initiativ
- ✓ behalda dei fire offentlege barneskulanane som kommunen har i dag
- ✓ arbeida for at tilsette i skule og barnehage får tilbod om etterutdanning, med midlar til vikar.
- ✓ jobba for kvalitetsskrav og ram-

- ✓ meplan for SFO
- ✓ jobbe for auka trafikktryggleik og ny kartlegging av farleg skuleveg

Næringsliv

Me vil bidra til å sikre det rike næringslivet i kommunen og jobbe for gode og langsigte rammeverk. Ein treng klare strategiar og planar både for næringsareal og kva utvikling ein ønskjer i kommunen.

Venstre vil:

- ✓ medverke til at Espevoll vert utbygd
- ✓ bidra til langsiktig og strategisk planlegging for næringslivet
- ✓ stø opp om industrikonsulenten si rolle i kommunen
- ✓ vera positive til lokal produksjon av varer og tenester
- ✓ bidra til at kjerneområde landbruk ikkje vert redusert

Miljø og klima

Me vil at kommunen er med i klimaloftet, og at ein legg til rette for ein framtidsretta grøn økonomi. Det viktigaste grepet er ei berekraftig arealplanlegging der ein tek omsyn til både miljø og menneske. Gode nærmiljø og attraktive lokalsamfunn er del av kjernen av vår politikk.



Venstre vil:

- ✓ ha ei arealplanlegging som gjer at folk lettare kan ta grøne val
- ✓ auka satsing på trygg veg og fleire gang- og sykkelstiar
- ✓ ha fleire kommunale el-bilar og fleire ladestasjonar
- ✓ at nye kommunale bygg som minstekrav vert lågutsleppshus
- ✓ støtte nærmiljøsatsingar og bidra positiv til styrking av nærteneester som butikk, skule og forsamlingshus

Kollektivtransport og samferdsle

Me vil ha effektive, kollektive løysingar for pendlarane og tryggare vegar. Bru og fergje er like viktige,

- ✓ ikke minst med tanke på beredskap og tryggleik. Vesetgjelet er det viktigaste vegprosjektet for kommunen, men andre vegar treng opprusting og utbetring, bl.a vegen til Bruvik og Fv. 567 mot Tysse. Eit fastlandssamband nordaust i kommunen er viktig i eit langtidsperspektiv.
- ✓ ha minst to transportårer til og frå kommunen med god kollektiv dekning
- ✓ jobbe for at fylkeskommunen opprettheld busstilbodet via ferga, og at bussane kører ekspres med få stopp i Bergen.
- ✓ jobba for eit godt togtilbod med parkering i Arna
- ✓ prioritera utbygging av veg i

Vesetgjelet

- ✓ arbeida for fleire sykkel- og gangstiar, og særleg rundt barneskulanane

Omsorg og folkehelse

Me vil bidra til gode helsetenester der hovudkjerna er eit offentleg tilbod, og der ideelle og private miljø kan bidra med mangfald og variasjon. I dag har ikkje kommunen ei optimal ordning for legevakt. Me har som mål å finne ei betre løysing i samarbeid med Bergen kommune.

Venstre vil:

- ✓ arbeide for å få legevakt/ambulanse nærmare enn i dag.
- ✓ samarbeide med frivillige lag og organisasjonar for å gjere kvardagen lettare for dei som treng sosial kontakt og oppfølging.
- ✓ sikre gode høve for tilrettelagte arbeidsplassar
- ✓ jobbe for ei god integrering av flyktningar i lokalsamfunna
- ✓ bidra til at det vert sett av areal og planlagt nytt symjebasseng med varmtvassbasseng
- ✓ arbeida for at folkehelsekoordinator har gode rammer for sitt arbeid

Kultur og idrett

Kulturuttrykk og kulturliv skapar trivsel, sjølvforståing og samhald. Det rike lags- og organisasjonslivet er ein viktig kvalitet og skapar grobotn og fotfeste for nye innbyggjarar.

Venstre vil:

- ✓ jobbe for at kulturskulen får ein lågare eigendel.
- ✓ støtte opp om kunst-, kultur- og kunnskapsmiljø som t.d. Osterøy museum.
- ✓ vere positive til lagsarbeid, særleg det som er retta mot born og unge
- ✓ understreke nynorsk som kulturerbar

Lokaldemokrati og kommunereform

Me ønskjer ei open forvaltning og politikarar som i større grad set dagsordenen. Kommunereforma vil vere ei krevjande oppgåve i åra som kjem. Me er reformvillige, men ikkje for ein kvar pris. For oss vil lokaldemokrati og fordeling av makt vere viktige stikkord når nye kommunegrenser skal utgreia.

Venstre vil:

- ✓ jobbe for at forvaltninga i alle nivå er inkluderande og open.
- ✓ vektlegge at lag og organisasjonar skal inkluderast.
- ✓ bidra til ei kommunereform der Osterøy kan bli del av ein større kommune som inkluderer Arna som regionssenter.
- ✓ arbeide for ei sikring av lokaldemokratiet ved t.d. kommunedelstyrer med politisk makt.
- ✓ støtte opp om ein politisk styrt Vestlandsregion større enn fylkeskommunen i dag
- ✓ arbeida for ei fordeling av oppgåver som inneber at kommunar og regionar får utvida ansvar og mynde.